

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torill Telstad	K2-S04	17/262

Saksnr	Utval	Type	Dato
053/26	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	02.06.2026
047/26	Kommunestyret	PS	18.06.2026

Forslag til tidlig løsning knyttet til minstevannføring i Brattlandsdalsåa i vilkårsrevisjonen for Røldal Suldal kraftverk

Innstilling frå Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) - 02.06.2026 - 053/26

1.Suldal kommune er positiv til ReHydro-prosjektet, der Lyse gjennom pumping av vatn i dei nedste 700 metrane av Brattlandsdalsåno vil sikre minstevassføring i tørre periodar. Tiltaket vil bidra til å betre oppvekstvilkåra for storaure og laks, noko som var eitt av krava Suldal kommune stilte i vilkårsrevisjonen.

2. Uavhengig av om tiltaket vert gjennomført eller ikkje, står krava Suldal kommune har reist i vilkårsrevisjonen ved lag. *“Det må gjennomførast tiltak for å betre miljøtilhøva i Brattlandsdalsåno, Stølsåno og Roaldkvamsåno”*. Det er NVE som avgjer kva samla tiltak konsesjonær eventuelt vert pålagt i dei ulike elvene.

3.Suldal kommune sender saka, med kommunedirektøren sine vurderingar, som uttale til NVE si høyring om konsesjonspliktvrdering av tiltaket.

Kommunedirektøren si innstilling

1.Suldal kommune er positiv til ReHydro-prosjektet, der Lyse gjennom pumping av vatn i dei nedste 700 metrane av Brattlandsdalsåno vil sikre minstevassføring i tørre periodar. Tiltaket vil bidra til å betre oppvekstvilkåra for storaure og laks, noko som var eitt av krava Suldal kommune stilte i vilkårsrevisjonen.

2. Uavhengig av om tiltaket vert gjennomført eller ikkje, står krava Suldal kommune har reist i vilkårsrevisjonen ved lag. *“Det må gjennomførast tiltak for å betre miljøtilhøva i Brattlandsdalsåno, Stølsåno og Roaldkvamsåno”*. Det er NVE som avgjer kva samla tiltak konsesjonær eventuelt vert pålagt i dei ulike elvene.

3.Suldal kommune sender saka, med kommunedirektøren sine vurderingar, som uttale til NVE si høyring om konsesjonspliktvrdering av tiltaket.

Sand, 19.06.2026

Vedlegg:

Brev frå Lyse - Forslag til tidlig løysing knyttet til minstevannføring i Brattlandsdalsåa i vilkårsrevisjonen for Røldal Suldal kraftverk
Teknisk beskrivelse av mulig løysing
NINA-Notat (2025) - Reetablering av vannføring i nedre deler av Brattlandsdalsåa for å bedre forholdene for fisk
Revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk

Samandrag

Lyse Kraft har sendt inn forslag til konkret løysing av eit av krava Suldal kommune satt i vilkårsrevisjonen for Røldal Suldal kraftverk. Forslaget gjeld løysing av kravet om miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåna. Lyse ynskjer no ei tilbakemelding på forslag til løysing med ambisjon om å gjennomføre tiltaket før NVE kjem med eventuelle krav til tiltak.

Fakta

Suldal kommune vedtok i kommunestyret 05.09.2019 å sende inn krav om vilkårsrevisjon for Røldal- Suldal til NVE. Kravet vart utarbeida i samarbeid med Ullensvang kommune. Eit av krava var at det må gjerast tiltak for å forbetre miljøtilhøva for anadrom fisk og storarure i Brattlandsdalsåno, Stølsåno(nedre) og Roaldkvamsåno.


Det er i etterkant gjort flerie miljøkartleggingar i dei nemde elvane. Lyse svarte på krava i vilkårsrevisjonen ved å sende inn revisjonsdokument og søknad om konsesjon for opprustning og utviding av Røldal Suldal kraftverk til NVE 21.12.23. Revisjonsdokument frå Lyse ligg ved som vedlegg 4 og Brattlandsdalsåno er omtalt på side 46-47. Den samla vurderinga frå Lyse er at stort tap av kraft i kombinasjon med svært høg investeringskostnad gjer at det ikkje bør stillast krav til minstevassføring med tapping frå Røldalsvatnet. I staden ynskjar dei å sjå på moglegheit for etablering av eit pumpeanlegg for sikring av vassføring i kritiske periodar i dei nedre 600-700 metrane som er gytetrekket for storaure og laks.

Kommunestyret uttalte seg til høyringa av OU og vilkårsrevisjonsdokumentet i mars 2025 (saksnr. 007/25). Om Brattlandsdalsåna:

“Det må vere eit vilkår om miljøtilpassa vassføring i Brattlandsdalsåa. Dette vil vere viktig for storaure av nasjonal verdi, samt laks. Det må utgreiast nærare om vassføringa bør komme frå Røldalsvatnet og dermed gi ei minstevassføring og positive verknadar for heile dalføret, eller om ein skal pumpe vatn opp frå Suldalsvatnet (om lag 700 m) slik Lyse kraft beskriv. I tillegg til miljøtilpassa vassføring må det gjennomførast erosjon- og biotopforbetrande tiltak. For å optimalisere vassmengda/habitatet bør det vere eit prøvereglement før ein vedtek endeleg minstevassføring”.

Gjennom forskingsprosjektet ReHydro har Lyse Kraft, i samarbeid med SINTEF og NINA, i etterkant jobba vidare med løysinga basert på pumping av vatn frå Suldalsvatnet. ReHydro er eit internasjonalt EU-finansiert forskings- og innovasjonsprosjekt som har som mål å vise korleis eksisterande vasskraftverk kan rehabiliterast og moderniserast. Prosjektet omfattar fleire demonstrasjonsområde i Europa og i Noreg er Røldal-Suldal eit demonstrasjonsområde.

Lyse vurderar no å gjennomføre tiltaket i 2027. I den samanheng ynskjer dei tilbakemelding på tiltaket frå Suldal kommune, Statsforvaltaren og Miljødirektoratet.



Oversikt over planlagt tiltak -for detaljar sjå vedlegg 2

Lyse har og sendt prosjektet inn til konsesjonsplikt vurdering hos NVE. NVE skal avgjøre om tiltaket krev eigen konsesjon. NVE har sendt søknaden på høyring og ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. NVE ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget.

Lover, føresegnar, rundskriv

Lov om regulering og kraftutbygging i vassdrag §8 (*adgang til revisjon*)

Vassressursloven § 18 (*særskilt avgjørelse om konsesjonsplikt*)

Økonomiske konsekvensar

Ingen konkrete økonomiske konsekvenser for Suldal kommune

Folkehelse

Anlegget skal byggast i nærleiken av bustadområde langs ein etablert turveg. Både støy og estetikk kan påverke folkehelsa. Lyse presenterar ei løysing med nedgravde pumper. Med eit avgrensa antall dagar med pumping og over 60 meter til nærast hus, vurderer kommunedirektøren støyproblematikken til å vere liten. Anlegget vil hovudsakleg bli synleg på tre stader, pumpehus ved vatnet, rørgata som krysser elva og liten fangdam ved utsleppspunktet oppstrøms. I forhold til andre tiltak og inngrep i området vurderar kommunedirektøren desse til å ha liten estetisk påverknad.

Innkomne uttalar

Forslag til løysing er sendt på høyring til Øvre Suldal grendeutval. Utvalet har ikkje gitt uttale.

Vurdering og konklusjon

Det er NVE som avgjer kva krav det vert sett til konsesjonær i ein vilkårsrevisjon.

Vilkårsrevisjonen for Røldal Suldal er enno ikkje avgjort. Lyse foreslår no å gjennomføre eit forbedrande tiltak i Brattlandsdalåa, før eventuelle pålegg frå NVE kjem.

Brattlandsdalsåa er leveområde for både storaure og laks, og vassføringa i elva er avgjerande for gyting, oppvekst og overleving av fisk. Særleg i periodar med låg vassføring kan gyteområda bli utsette for tørrlegging. Laks og storaure er artar som er vurdert til å ha nasjonal verneverdi og det er derfor lagt ekstra vekt på desse i vilkårskravet frå kommunen. Det er eit vandringshinder ca 1 km opp i åno som desse artane ikkje kjem forbi.

Å pumpe vatn opp i elva er ein ny måte å tenke på for å løyse kravet om miljøtipassa vassføring i eit utbygd vassdrag. I utgangspunktet kan det virke feil å “rette opp” eit inngrep med nye inngrep. Når det gjeld Brattlandsdalåno vil dette uansett bli utfallet skal ein få auka vassføring. Røldalsvatnet er regulert ned til 15 meter under naturleg utløp. Skal det sleppast minstevassføring herfrå må det byggast ein eigen tappetunell.


Storaure og laks:

Kommunedirektøren vurderer ReHydro som eit spennande forskingsprosjekt drive av seriøse aktørar. Ein sentral fordel er at prosjektet gir god kontroll på vassmengda som til ei kvar tid er nødvendig på det nedre elvestrekket. Kommunedirektøren vurderer dette som ei klar forbedring av oppvekstvilkåra for både storaure og laks, noko som var hovudpoenget i kommunens sitt krav i vilkårsrevisjonen.

Samstundes saknar kommunedirektøren ei kartlegging av det øvre elvestrekket i Lyse sitt opphavlege revisjonsdokument. Om strekket ikkje vert nytta av storaure og laks kan minstevassføring i heile vassdraget framleis ha ein meirverdi, mellom anna for naturmangfald, friluftsliv, fiske og reiseliv.

Natur og friluftsliv:

I friluftslivkartlegging i regi av Rogaland fylkeskommune er “rundtur Nesflaten” registrert som eit nærturterreng og som eit svært viktig friluftsområde. Røygata skal i delar av rundturløypa gravast ned i området som allereie er opparbeid til park. Så lenge alt vert tilbakeført etter gjennomføring vil dette ha liten til ingen påverknad på både naturmangfald og friluftsliv i dette området.



Kartlagt friluftsområde - Rundtur Nesflaten

For å unngå konflikt med eksisterende leidningsnett er røygata i øvste del planlagt i kantvegetasjonen langs elva. Opp på røygata kan det ikkje revegeterast med trær. Kantvegetasjonen er naudsynt og viktig for oppvekstforhalda i elva. Det må derfor vere ei forutsetning for løysinga at tilstrekkeleg del av kantvegetasjonen vert beholdt.

Det er registrert hekking med ungar av ein sårbar raudlista rovfugl midt i området i Kilen. Kommunedirektøren vurderar dette til å vere ei feilregistrering. Lokalkjende kjenner heller ikkje til registreringa. Det er flerie registreringar av småfugl som er sårbar eller nær truga i nærleiken til røyrgata (til dømes grønnfink og gråspurv) Tiltaket vil ikkje påverke desse.

Området er ikkje vegetasjonskartlagd. Kommunen har ikkje opplysningar om spesielle naturtypar i området. Kommunedirektøren vurderer at stedeigen vegeatsjon vil reetablerast over røyrgata etter få år.

Kulturminne:

Det er viktig at alle synlege bygg og anlegg forhold seg til det arkitektoniske særpreget i Kilen, slik det er formulert i reguleringsplanen.

Kommunen kjenner ikkje til andre kulturminne enn dei som er registrert i offentlege databasar. Lyse har sjølv registrert eit gammalt oppmurt bru kar ved planlagt fangdam for utløp av pumpevatn. Fangdammen er planlagt lagt utanom brukaret.

Forhald til plan og vassuttak:


Nord-aust for elva er anlegget planlagt i område som er regulert av reguleringsplan Kilane (planid: 1134_201303). Formålet med planen er *“å sikra kulturhistorisk verdi og arkitektonisk særpreg av kraftstasjonsmiljøet og tilhøyrande bustadområde”*. Planlagt nedgravd røyrgate ligg i område regulert til park og *“fareområde flaumsone”*.

Øverste del av anlegget på sør-vestsida av elva er planlagt i område regulert i kommuneplanen til *“LNF areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse”*.

Inntaket av vatn frå Suldalsvatnet ligg i område bandlagt etter vassdragslovgivinga som reguleringsmagasin.

Punkt 1.6. i føresegnene til kommuneplanen til Suldal stadfestar at teknisk infrastruktur på, over og under bakken kan opparbeidast utan reguleringsplan uavhengig av arealformål, dersom visse vilkår er oppfylt. Kommunen kan krevje dokumentasjon på at tiltaket er vurdert etter KU-forskrifta, at det er tatt omsyn til natur og kulturminne og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med risiko eller sårbarheitsforhald. *“Det er ein føresetnad at traseen blir tilbakeført til tilnærma opphøveleg tilstand når arbeidet er avslutta”*. Det blir her naturleg å sette krav om at pumpehus skal oppførast i samme arkitektoniske stil som bustadfeltet.

Det ligg ei omsynssone for drikkevasskjelde i området (markert med raud ring på kartutsnitt), men denne berørar ikkje tiltaket slik det er planlagt. Lyse har fått tilsendt oversikt over leidningsnettet i Kilen frå teknisk avdeling i kommunen. Her er det mellom anna peikt på at utslepp frå renseanlegget ligg der inntak av vatn til pumping planlagt.



Konklusjon:

NVE stadfester kva krav som skal settast i ein vilkårsrevisjon. Krava som vert sett skal imidlertid vere forholdsmessige og byggje på ei samla vurdering av nytteverdi sett opp mot kostnad.

Kommunedirektøren sin konklusjon er at Lyse sitt forslag svarar på hovudkrava til kommunen for Brattlandsdalsåno, betre oppvekstforhald for storaure og laks. Lyse svarar delvis på kravet om vurdering av slepp frå Røldalsvanet med beskriving av inngrepa og det store kraft tapet dette vil medføre. Kommunedirektøren saknar likevel ei vurdering av kva positive effektar dette vil kunne gje i øvre delar av vassdraget.

Etter ei samla vurdering anbefalar kommunedirektøren at Suldal kommune stiller seg positiv til prosjektet. På grunn av usikkerhet om prosjektet vert gjennomført tilrår kommunedirektøren å ikkje røre ved dei opprinnelege vilkårskrava, men la dei stå som tidlegare formulert. Det vert opp til NVE å stå for dei samla vilkårskrava for dei tre elvene Brattlandsdalsåno, Stølsåno og Roaldkvamsåno.

02.06.2026 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

LMT - 053/26 Vedtak:

1. Suldal kommune er positiv til ReHydro-prosjektet, der Lyse gjennom pumping av vatn i dei nedste 700 metrane av Brattlandsdalsåno vil sikre minstevassføring i tørre periodar. Tiltaket vil bidra til å betre oppvekstvilkåra for storaure og laks, noko som var eitt av krava Suldal kommune stilte i vilkårsrevisjonen.

2. Uavhengig av om tiltaket vert gjennomført eller ikkje, står krava Suldal kommune har reist i vilkårsrevisjonen ved lag. *“Det må gjennomførast tiltak for å betre miljøtilhøva i*

Brattlandsdalsåno, Stølsåno og Roaldkvamsåno”. Det er NVE som avgjer kva samla tiltak konsesjonær eventuelt vert pålagt i dei ulike elvene.

3.Suldal kommune sender saka, med kommunedirektøren sine vurderingar, som uttale til NVE si høyring om konsesjonspliktavurdering av tiltaket.

18.06.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Representanten Olav Lindseth V spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Olav Lindseth oppgir at han er medeigar i selskapa Energihotellet AS direkte og Nesflaten Eigedom AS gjennom selskapet Mogleiv Invest AS. Han er dalgelg leiar i Energihotellet og styremedlem i Nesflaten eigedom. Energihotellet AS og Nesflaten eigedom AS er ikkje part i saka. Ugildsopen blir då vurdert skjønnsmessig etter forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Er det andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til den folkevaldes gildskap.

Det skal leggjast vekt på om avgjerdsla i saka kan innebære særleg fordel, tap eller ulempe for representanten basert på tilknyttinga til Energihotellet og Nesflaten eigedom.

Kommunedirektøren meiner at representanten Lindseth vil kunne seiast å ha **særleg** fordel av avgjerda i saka gjennom rollene i selskapa Energihotellet og Nesflaten Eigedom, og at saka vil kunne svekke tilliten til hans gildskap, og vil rå til at representant Lindseth er ugild i handsaminga av saka.

Kommunestyret finn representanten gild.

RØYSTING

Samrøystes i samsvar med LMT-utvalet si innstilling.

K - 047/26 Vedtak:

1.Suldal kommune er positiv til ReHydro-prosjektet, der Lyse gjennom pumping av vatn i dei nedste 700 metrane av Brattlandsdalsåno vil sikre minstevassføring i tørre periodar. Tiltaket vil bidra til å betre oppvekstvilkåra for storaure og laks, noko som var eitt av krava Suldal kommune stilte i vilkårsrevisjonen.

2. Uavhengig av om tiltaket vert gjennomført eller ikkje, står krava Suldal kommune har reist i vilkårsrevisjonen ved lag. *“Det må gjennomførast tiltak for å betre miljøtilhøva i Brattlandsdalsåno, Stølsåno og Roaldkvamsåno”*. Det er NVE som avgjer kva samla tiltak konsesjonær eventuelt vert pålagt i dei ulike elvene.

3.Suldal kommune sender saka, med kommunedirektøren sine vurderingar, som uttale til NVE si høyring om konsesjonspliktavurdering av tiltaket.